

Idéfase - sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR)

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
Sak 2014/31	Styret for Helse Møre og Romsdal HF	07.mai 2014

Saksbehandlar: Espen Remme
Arkivreferanse: 2014/2369

Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek det presiserte prosjektmandatet for idéfasa for sjukehuset i Nordmøre og Romsdal til vitande.
2. Styret understrekar kor viktig det er for innbyggjarar og fagmiljø i Møre og Romsdal at tidsplana som er lagt til grunn vert etterlevd.
3. Saka vert sendt til Helse Midt-Norge RHF til orientering.

Ålesund, 02.05.2014

Astrid J. Eidsvik
adm. direktør

Vedlegg:

Vedlegg 1: Idéfase - sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR).

Vedlegg 2: Styresak 2013/10 Igangsetting tidlegfase "Nytt akuttstjukehus for Nordmøre og Romsdal"

Saksutgreiing:

Hovudelementa av sakshandsaminga er grundig omhandla i vedlegg 1 i saka, og derfor er sjølve saksutgreiinga gjort i kortform.

Styret i Helse Møre og Romsdal HF gav gjennom vedtak i sak 2013/10 Igangsetting tidlegfase "Nytt akuttstjukehus for Nordmøre og Romsdal" ei klarering av oppstart i arbeidet med idéfasa for det nye akuttstjukehuset for Nordmøre og Romsdal.

Helse Møre og Romsdal HF gjennomførte primo 2014 med hjelp frå Helsebygg Midt-Norge ein prosess med anskaffing av rådgjevarar til idéfasa etter lov om offentlige anskaffelser. Følgjande utfrag frå oppdragsteksten.

Helseforetakene Helse Midt-Norge (HMN RHF) og Helse Møre og Romsdal (HMR HF) har besluttet at det skal bygges nytt felles akuttstjukehus for Nordmøre og Romsdal. Det nye akuttstjukehuset skal plasseres på aksen fra og med Hjelset til og med sørenden av Frei. Tiltakshaver er HMR HF.

Det pågår en prosess med kommunal konsekvensutredning av alternative tomter, i alt 6 tomter fra 3 kommuner. Kommunene skal gjøre sitt valg av tomt som tilbys Helse Møre og Romsdal innen utgangen av juni 2014. Beslutning om tomtevalg i Helse Møre og Romsdal HF er planlagt til desember 2014. Norconsult er engasjert som rådgiver i denne utredningen.

Det skal engasjeres rådgiver for korrigeringsplan for Helse Møre og Romsdal HF og for gjennomføring av Idefasen for nytt akuttstjukehus for Nordmøre og Romsdal. Veileder for Tidligfaseplanlegging av stjukehus skal legges til grunn for arbeidet.

Avtalen som inngås etter denne anbuds konkurransen skal ha opsjon på vidare oppdrag i Konseptfasen.

Av fire svært sterke tilbydarar var det Hospitalitet som hadde levert det sterkaste tilbodet og vann konkurransen. Som ein del av sitt tilbod skisserer Hospitalitet at ein kritisk suksessfaktor for å kunne levere eit tilfredsstillande avgjerdgrunnlag, er eit nærare definert prosjektmandat.

Prosjektmandatet tek utgangspunkt i mal og prosjektgjennomføringsarbeid som Hospitalitet har gjennomført i andre HF.

Mandatet har vore drøfta i intern prosjektorganisasjon med vedtak i styrings- og koordineringsgruppa den 30.5.2014, om å legge det føreliggjande mandatet til grunn.

Same dag tok leiinga i HMR opp saka med kommunal referansegruppe, som i all hovudsak slutta seg til innhald og leveranseplan slik den var skissert.